



Helse Bergen HF
Postboks 1400
5021 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3239 - 18/34217

Saksbehandlar:
Reidun Sæbdal
reidun.sebdal@lindas.kommune.no

Dato:
14.11.2018

Utlevering LAR-medisin Lindås kommune i perioden januar 2015 - september 2018

Viser til vedtak i statsbudsjettet for 2014 at dei regionale helseforetaka skal finansiere kostnadane ved utlevering av LAR-legemiddel, i tillegg til å dekke legemiddelkostnadane.

I september 2014 var Lindås kommune i kontakt med seksjonsoverlege ved avdeling for rusmedisin, Christian Ohldieck, for å få på plass avtale om finansiering av utlevering av LAR-medikament i kommunen. Avdelingsoverlegen ønskte at kommunane i Nordhordland skulle ta opp saka i felleskap for om mulig å kome fram til ein felles avtale. Lindås kommune gjorde forsøk på å få til eit felles møte med kommunane i regionen utan å lukkast med det. Saka vart ståande på «stedet hvil» ein lengre periode. I mars 2017 vart det kalla inn til nytt møte med representantar frå Nordhordlandskommunane og avdelingsoverlege Ohldieck, utan at det heller ikkje denne gangen lukkast å få til felles avtale med kommunane. Lindås kommune har heile tida ønskt å få på plass avtale om finansiering. Etter nytt initiativ frå kommunen sommaren 2018, vart avtale om finansiering av utlevering LAR-medisin underteikna mellom Lindås kommune og avdeling for rusmedisin.

Lindås kommune set no fram krav om dekning av utgifter ved utdeling av LAR-medisin fom 2015. Kommunen tok kontakt med avdeling for rusmedisin allereie hausten 2014 for å få på plass avtale. Av ulike grunnar har ikkje dette lukkast. Finansieringsansvaret er lagt til spesialisthelsetenesta og kommunen meiner at å ha krav på å få dekka utgiftene med verknad frå tidspunktet vedtaket er gjort i statsbudsjettet.

Vi sender vedlagt oversikt over utlevering av LAR-medisin fom. januar 2015 tom. Vi har lagt til grunn ein kostnad på kr 150,- pr utlevering utan urinprøvetaking. Vidare vil vi sende faktura månadleg der oversikt utlevering /avtalte utleveringar vert vedlagt.

Kravet framgår av vedlagte oversikt over utdelingar:

Krav for utlevering 01.01. – 31.12.2015 :	1541 utleveringar a kr 150:	kr 231.150,00
Krav for utlevering 01.01.2016 – 31.12.2017:	3700 utlevering a kr 150:	kr 555.000,00
<u>Krav for utlevering 01.01. – 30.09.2018:</u>	<u>1131 utleveringar a kr 150:</u>	<u>kr 169.650,00</u>
Sum totalt:		<u>kr 955.800,00</u>



Vi ber om ei tilbakemelding frå dykk innan 30.11.18 om de har merknader til kravet og oppstilling på utrekninga. Vi vil sende ut faktura tidleg i desember månad. Spørsmål kan rettast til underteikna, mobiltelefon 91377514 eller epost: reidun.sebdal@lindas.kommune.no

Med helsing

Reidun Sæbdal
einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

oversikt utlevering LAR-medisin perioden januar 2015 - september 2018

Kopi til:

Christian Ohldieck	Helse Bergen HF	5021	BERGEN
--------------------	-----------------	------	--------

Mottakarar:

Helse Bergen HF	Postboks 1400	5021	BERGEN
-----------------	---------------	------	--------